



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Grethe Fjeld, 5557 2279

Vår dato  
15.05.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/2467 632.4  
Dykkar referanse

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

### Oversending av endeleg tilsynsrapport- frist for retting

Tema for tilsynet er minoritetsspråklege elevar i grunnskulen sin rett til særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2-8.

Fylkesmannen i Hordaland sendte 11.04.2014 førebels tilsynsrapport til Lindås kommune. Førebels tilsynsrapport var eit førehandsvarsel etter forvaltningslova § 16. Lindås kommune fekk frist for å uttala seg til den førebelse rapporten innan 02.05.14.

Fylkesmannen i Hordaland har ikkje fått nokon tilbakemeldingar frå Lindås kommune på den førebelse rapporten.

Vedlagt er endeleg tilsynsrapport frå tilsynet Fylkesmannen i Hordaland hadde med Lindås kommune. I tilsynsrapporten har Lindås kommune fått ein frist til å rette lovbrota som er avdekka i tilsynet, jf. kommunelova § 60 d. Fristen er **12.08.14**.

Innan denne fristen må Lindås kommune også sende ei erklæring til Fylkesmannen om at dei ulovlege tilhøva er retta og korleis det er gjort.

Dersom Fylkesmannen utifrå erklæringa og dokumentasjonen finn det sannsynleg at lovbrota er retta, vert tilsynet avslutta gjennom brev til kommunen. Dersom kommunen ikkje har retta lovbrota innan **12.08.2014** vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting.

Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar kjem fram i den vedlagte tilsynsrapporten.

Med helsing

Anne Hjermand  
utdanningsdirektør

Grethe Fjeld  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*